

## **Referat frå referansegruppemøtet TMA4240 16.11.22**

Til stades: Silje Marie Våge, MTBYGG, Lene Amundsen Holmebakken, MTBYGG  
Tor Fengsrud Brinchmann, MTFYMA, Hedda Bjørnstad MTFYMA. Oscar Ovanger og John Tyssedal.

Studentane meiner at kurset er fornuftig og logisk bygt opp. Det er ikkje det mest krevjande kurset dei har, men det er heller ikkje det lettaste. Temasider, personlege notatar og videoar verkar å vere dei mest brukte læringsressursane. Studentane organiserer læringa si på ulik vis. Nokon organiserer seg i grupper og brukar andre studentar som læringsressursar og. Det ser ut til at læreboka er lite brukt.

Det var litt ulikt syn på mengda av obligatoriske øvingar, også stack øvingar. Med det var positivt at Stack gav konstruktiv tilbakemelding når svaret var feil. Oppmøte på øvingsundervisninga har vore stabilt bra.

Ein del tid gjekk med til å diskutere kva vi gjorde med treffetider før eksamen Fysmat hadde to eksamenar før denne i første eksamensveka.